



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 61/1998
Dato: 20. mars 1998
Sperrfrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Måndag 23. mars kl. 18.00 deltek statsministeren på sentralstyremøte i Kristeleg Folkeparti, på partikontoret.

Tysdag 24. mars kl. 10.45 tek statsministeren imot generaldirektøren i Verdshandelsorganisasjonen (WTO), Renato Ruggiero, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere når møtet tek til. Etter møtet, ca. kl. 11.15, er dei to tilgjengelege for pressefolk same staden. Kl. 13.00 tek statsministeren imot den tyske utanriksministeren, Klaus Kinkel, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere ved starten av møtet.

Tysdag 24. og onsdag 25. mars er statsministeren på gjesting i Stockholm. Pressefolk som ynskjer å dekke gjestinga, bør kontakte den norske ambassaden i Stockholm for pressedetaljar, telefon 00 46 8 665 63 40 – telefaks 00 46 8 782 98 99. I Stockholm bur følgjet på Haga slott. Pressekontakt under gjestinga er informasjonssjef Øivind Østang.

Etter avreise frå Oslo tysdag ettermiddag, kjem statsministeren til Statsrådsberedningen i Rosenbad-kvartalet i Stockholm kl. 17.15, for samtale med statsminister Göran Persson. Kl. 18.45 held dei to sams pressekonferanse i "Stora Hörnrummet" i Rosenbad. Kl. 19.30 gjev statsminister Persson middag for statsminister Bondevik i statsministerbustaden i Stockholm, Sagerska huset.

Onsdag 25. mars kl. 08.00 deltek statsministeren i frukostmøte i Svenska Dagbladets Executive Club, i restaurant Operakällaren i Stockholm. Der held statsministeren føredrag om "Politikk og verdiar", før han svarar på spørsmål frå eit panel med folkpartisten Lars Leijonborg, sosialdemokraten Mona Sahlin og sjefredaktør Mats Svegfors. Kl. 09.35 vert statsministeren motteken av leiaren for Kristdemokratane, Alf Svensson; kl. 10.25 av leiaren for Folkpartiet, Lars Leijonborg; og kl. 10.45 av leiaren for Centern, Olof Johansson. Desse tre møta finn stad på partikontora i Mynttorget 2.

Postadresse:
Postboks 8001 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersgt. 42
OSLO

Telefon –
sentralbord:
22 24 90 90
Org.nr.:
972 417 777

Presse- og Info.seksj.
Telefon: 22 24 40 07
Telefaks: 22 24 95 03

Statssekretær
Gunnar Husan
Telefon: 22 24 40 06
Privat: 22 49 19 30

Informasjonssjef
Øivind Østang
Telefon: 22 24 40 37
Privat: 22 22 28 01

Kl. 11.15 vert statsministeren motteken av Riksdagens talmann. Birgitta Dahl, på kontoret hennar i Riksdagen, Riksgatan 1. Kl. 11.50 vitjar statsministeren den norske kyrkja i Stockholom, Kronprinsesse Märthas kyrkje, i Stigbergsgatan 24. Kl. 13.00 kjem statsministeren til kong Carl XVI Gustaf sin private lunsj i høve Bondevik si gjesting, på Stockholms slott. Kl. 14.15 vert statsministeren motteken av leiaren for Moderaterna, Carl Bildt, på partikontoret i Mynttorget 2. Kl. 14.35 er statsministeren tilgjengeleg for norsk presse i "Förtroenderådsrummet" i Mynttorget 1, før han kl. 14.50 reiser attende til Oslo.

Torsdag 26. mars kl. 11.30 er det høve til å fotografere når representantar for Gjennestad gartnarskule i Vestfold gjev eit "sentrumstre" til statsministeren og dei tre partileiarane i regjeringa, på Statsministerens kontor. Treet er ei samanfletting av tre ulike epletresortar.

Fredag 27. mars deltek statsministeren på delar av eit nordisk kristendemokratisk kontaktmøte som vert halde i Oslo. For nærare detaljar viser vi til Kristeleg Folkeparti.